

Utviklingsavtalen sine mål for forskning – innspel frå FIA

Det norske og internasjonale forskningssystemet er i endring, og UiB må tilpasse seg for å møte nye utfordringar. I 2025 hadde UiB for andre år på rad nedgang i vitskapelege årsverk og eksternt finansiert aktivitet. Universitetets forskingsutval tok initiativ til prosjektet Styrk UiB i 2024. Målet er å leggje til rette for styrking av forskingskvalitet og auka aktivitet gjennom betre prosessar rundt eksternt finansiert forskning. Universitetsstyret handsama sluttrapport frå prosjektet våren 2025. Det er følgt opp av fakultet og sentrale utval i løpet av hausten.

I løpet av året er UiB tildelt fleire større forskingssenter, innan språk, kunstig intelligens og forskingsdriven innovasjon. Godt gjennomslag i senterutlysingar og andre verkemiddel gjer at UiB i 2025 hentar det største omfanget av forskingsmidlar frå Forskringsrådet nokon sinne. Samstundes er det gjennomført store løft i fagmiljøa for auka søkning og gjennomslag i Forskringsrådet si utlysing av senter for framifrå forskning (SFF) og EU sine ERC-program. Dette kan bidra til at UiB kan snu utviklinga i eksternt finansiert forskingsaktivitet i åra som kjem.

Bodil Holst, professor ved Institutt for fysikk og teknologi, vann i 2025 Forskringsrådet sin prestisjefylte innovasjonspris. Ho har utvikla eit breitt spekter av teknologiar frå atom-mikroskop, skismøring inspirert av stoffar isolert i frå isbjørnskinns og ny teknologi som gjer det mogeleg å lage mikroskopiske mønster på overflatar som blant anna databrikker. Brikke-teknologien blir kommersialisert gjennom selskapet Lace Lithography AS, der Host er grunder og direktør.

UiB ønskjer å vere eit sterkt internasjonalt universitet. Av universiteta i Norge har UiB den største delen av kandidatar som har utveksling i studieløpet (Tilstandsrapporten), den største delen internasjonalt prosjektsamarbeid i forskning (Indikatorrapporten) og den største delen internasjonalt samforfattarskap i vitskapeleg publisering (DBH).

Utviklingsavtalen

Mål 1. Vidareutvikle UiB som eit internasjonalt sterkt forskingsuniversitet basert på langsiktig og grunnleggjande forskning

UiB vil vidareutvikle profilen sin som forskingsuniversitet. Med internasjonal forskning og eit ansvar for stor fagleg breidde vil UiB flytte kunnskapsgrensene og bidra til ei berekraftig og demokratisk framtid. UiBs forskning er internasjonal, ho femner vidt, bidreg til grunnleggjande kunnskap og til å løyse dei store kjende og ukjende utfordringane.

Forskingsmiljøa ved UiB er prega av høg internasjonal kvalitet, fagleg integritet og langsiktighet. Noreg og verda står overfor komplekse utfordringar som krev tillit til kunnskap og dristig tverrfagleg og fleirfagleg forskning. Forskingsetikk og vern om vitskapens integritet er sentrale verdiar for UiBs verksemd. UiB vil verne om uavhengig og nysgjerrighetsdriven forskning.

Styringsparameter:

1. Utvikle fleire internasjonalt leiande miljø innan sine fagområde
2. Auke gjennomslag i europeiske og nasjonale konkurransearenaer for eksternfinansiering i verkemidla for framragande forskning
3. Auke gjennomslag i tematiske og utfordringsdefinerte utlysingar
4. Utvikle arbeidet med rekruttering og god karriereutvikling for vitskapeleg tilsette
5. Auka vektlegging av forskningsetikk og redelighet i breidda av verksemda til UiB

1. Utvikle fleire internasjonalt leiande miljø innan sine fagområde

Den store breidda av fagområde ved UiB bidreg til å sikre samfunnets kunnskapsberedskap. Høg kvalitet, fagleg integritet og langsiktighet pregar UiB sine forskingsmiljø, og fleire av dei er internasjonalt leiande.

Ekstern finansiering

Samla sett var inntektene frå Forskningsrådet, EU og andre i 2025 på 1,27 milliardar kroner. Beløpet inneber ein nominell nedgang på fem prosent i 2025. Dette vidarefører utviklinga frå dei to siste åra. I 2025 har også EU-finansiert verksemd nedgang i rekneskapsførte inntekter. Nedgangen er knytt til utdanningsføremål, medan aktivitet knytt til EU sitt rammeprogram for forskning vaks med 9 %.

	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024- 2025
Forskningsrådet	485	594	592	569	547	-4 %
EU	148	171	185	209	202	-3 %
Andre BOA	426	537	572	566	524	-7 %
<i>SUM</i>	<i>1 059</i>	<i>1 302</i>	<i>1 349</i>	<i>1344</i>	<i>1273</i>	<i>-5 %</i>

Regjeringa har uttrykt mål om å redusere aktiviteten på universitet og høgskular til 2019-nivå. UiB har nådd dette målet i 2025, med om lag like mange faglege årsverk som i 2019, sjå styrets beretning for tal på tilsette.

Nedgangen i forskningsrådsfinansiert verksemd heng saman med lågare nivå på midlar til nye prosjekt og senter dei seinare åra, særleg knytt til kriseåret 2023 då forskningsrådet

mellom anna ikkje lyste ut midlar til FRIPRO for erfarne forskarar, den viktigaste kjelda til større prosjektfansiering for UiB.

I 2025 har UiB hatt rekordhøg utteljing i midlar til nye prosjekt og senter frå Forskringsrådet, særskild knytt verkemiddel som samarbeidsprosjekt og forskarskuler, men også god utteljing i konkurranse om forskingssenter. Midlane får delvis budsjettverknad frå 2026. Dette følgjer etter nokre år med lågare finansiering av nye prosjekt, og kan gje høve til betring i ekstern finansiering i åra som kjem.

Særskilde satsingar innan ekstern finansiering er vidare omtala under avsnitt om framragande forsking (styringsparameter 2) og tematiske utlysingar (styringsparameter 3).

Kompetanseutvikling

For å styrkje kvaliteten i prosjektsøknader og gjennomføring av forskarprosjekt, vart det i 2024 etablert eit program for forskingsleiarar, og utviklingsprogram for unge forskarar som ønskjer å søkje ERC Starting Grant. UiB har hatt ei stor auke i søknadsaktivitet og tilslag er nærare omtalt under styringsparameter 2 og 3 i utviklingsavtalen, medan kompetansetiltak er omtala under styringsparameter 4.

Styrk UiB

Universitetsleiinga tok i 2024 initiativ til prosjektet «Styrk UiB», som har som mål å styrkje universitetet si evne til å hente inn ekstern forskingsfinansiering. Initiativet er forankra i UiB sitt strategiarbeid og skal bidra til høgare kvalitet i forskinga gjennom betre rammevilkår, auka søknadskompetanse og meir systematisk støtte til forskarar. Prosjektet legg vekt på samarbeid mellom fakultet og institutt, utvikling av søknadskultur og tilrettelegging for deltaking i store internasjonale program som Horisont Europa. Ei arbeidsgruppe beståande av sentrale forskingsleiarar ved UiB ga innspel til eit kunnskapsgrunnlag, saman med nøkkelpersonar frå sterke forskarmiljø nasjonalt og i Norden. Sluttrapporten frå prosjektet vart lagt fram for universitetsstyret 5. mai ([sak 32/25](#)), med fem anbefalingar for oppfølging. Dette har vore tema for universitetsstyret, fleir av fakulteta og ei rekke sentrale utval og fora hausten 2025.

Målet er å sikre at UiB står sterkt i konkurransen om forskingsmidlar og kan vidareutvikle sin posisjon som eit leiande breiddeuniversitet i Noreg og Europa.

Infrastruktur

UiB forvaltar store og avanserte forskingsinfrastrukturar som dekkjer dei fleste fagområde, og alle fakultet har oppdatert sine vegkart for investeringar gjennom året. UiB leder og deltek som partner i fleire nasjonale og europeiske infrastrukturar. Vegkarta har identifisert store behov for oppgraderingar, samt etablering av nokre nye nasjonale infrastrukturar som må prioriterast nå.

Gjennom året er det jobba strategisk og målretta med å utvikle søknader til utlysinga av forskingsinfrastruktur av nasjonal betydning i november 2025. UiB koordinerer ni

søknader, og er partner i ytterlegare 27. Samstundes har fagmiljø også jobba godt med å starta opp prosjekta som fekk tildeling i 2024 da UiB fekk sitt beste gjennomslag nokon gong.

Søknadene UiB leier og deltar i har hovudvekt på oppgraderingar av eksisterande nasjonale og europeiske infrastruktur, inkludert norsk bidrag til samarbeidet i CERN og oppgraderinga av nasjonal infrastruktur for tungrekning, SIGMA2. Universitetet har framleis betydeleg gjennomslag i infrastrukturutlysingane i Horisont Europa.


Vitskapeleg publisering

Formidling av forskingsresultat til fagfellesskapet utgjer ei vesentleg ramme for akademisk arbeid. Vitskapeleg publisering inneber at forskingsresultat blir kvalitetsvurderte av fagfellar og gjev grunnlag for spreiding av ny kunnskap og er dokumentasjon av kompetanse når arbeidet ligg føre.

UiB ligg på eit høgt nasjonalt nivå når det gjeld publisering i dei mest prestisjefylte publiseringsskanalane. Om lag 29 prosent av publiseringa skjer i tidsskrift og forlag på nivå to i den norske publiseringssindikatoren. I den seinaste målinga (2024) oppnådde UiB 3191 publiseringspoeng, som gjev 1,4 publiseringspoeng per årsverk i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar. Dette er det lågaste nivået over ein tiårsperiode. Fleire institusjonar nasjonalt har hatt nedgang i publikasjonsvolum 2022–2024, etter ein topp under pandemien.

Ei indikasjon på utviklinga i volum i den internasjonale delen av publiseringa i 2025 kan vi finne ved å samanlikne tal frå Web of Science (WoS) registrert på same dato over to år. Samanlikna med status i januar 2025, indikerer målingar frå januar 2026 eit stabilt tal internasjonale publikasjonar.

Delen publikasjonar blant dei mest siterte i verda (topp ti prosent siterte) er eit mykje brukt mål på vitskapeleg gjennomslag. Leiden-rankinga viser at UiB har ein del høgt siterte publikasjonar litt over verdsgjennomsnittet. Om lag 10,3 prosent av UiBs tidsskriftpublikasjonar er blant dei ti prosent mest siterte internasjonalt (fraksjonert). Sett over lengre tid har UiB hatt ein viss nedgang i delen publikasjonar blant dei mest siterte, men trenden har stabilisert seg dei siste tre periodane. Fagområda som er mest siterte er matematikk/datavitskap og livs-/geovitskap. UiB har ein forskar representert i Clarivates «Highly cited researchers list», og 17 artikkelar frå 2025 er blant den eine prosenten mest siterte i verda per 15. januar 2026.



Figur 1 Publisering innan topp 10 prosent siterte i verda ved UiB totalt (venstre), og innan ulike fagområde (høgre). Fire års gjennomsnitt, fraksjonert telling. Berre engelskspråklege tidsskriftpublikasjonar inkludert. Datakilde: Leiden Ranking, CWTS

Senter og satsingar

UiB sine tematiske satsingar byggjer på fag der UiB historisk har hatt særlege tradisjonar og fortrinn, og som har ei spesiell relevans for samfunnsutfordringar innanfor områda hav, klima og energiomstilling, og globale samfunnsutfordringar.

Bjerknessenteret er det største klimaforskningssenteret i Norden og eit av dei leiande sentra i Europa. Senteret er eit samarbeid mellom UiB, NORCE, Havforskningsinstituttet og Nansensenteret, og har eit internasjonalt fagmiljø med over 200 tilknytte forskarar frå meir enn 30 nasjonar. Finansieringa av senteret no blir ein del av UiBs rammeløying frå og med 2026.

SFF-ordninga sikrar langsiktig finansiering av avansert grunnforskning, og er særskild trukke fram i UiB sin strategi. UiB har hatt fire senter med finansiering i 2025. De to nyaste er Senter for digitale forteljingar og Bergen senter for etikk og prioritering (BCEPS).

Arbeidet med mobilisering mot SFF-utlysinga har prega mange av fagmiljøa i 2025. Til fristen 12. november vart det sendt 34 søknader med deltaking frå fagmiljø i heile breidda av universitetet, ei betydeleg auke frå tidlegare utlysingar. Mobilisering til SFF-utlysinga og andre forskingssenter er omtala under styringsparameter to og tre.

Hav og marin forskning har alltid vore viktig for UiB, og har vore eit særskild satsingsområde over lang tid. UiB vart i 2025 gjenoppnemnd og går inn i sin tredje periode som FN-hub for berekraftsmål 14, Livet i havet. Dette er ein prestisjefylt global rolle som pådrivar for å byggje kunnskap og medvit for eit berekraftig hav. *One Ocean Havbyen Bergen* samlar partnarar frå Bergen og omegn for å synleggjere Bergen som den leiande byen for hav og maritim verksemd i Noreg. Havveka er etablert som ein nasjonal

arena og tiltrekkjer seg etter kvart òg eit betydeleg internasjonalt publikum. I oktober reiste ein større delegasjon frå UiB og Bergen til Seattle på USAs vestkyst. Her vart det arrangert ei eiga *One Ocean Week Seattle*, som understreka dei sterke banda mellom dei to vennsbyane.

Internasjonale samarbeid og nettverk

UiB huser ei rekkje sterke internasjonale fagmiljø med solide koplingar og partnerskap rundt om i verda, og kan vise til ein høgare del internasjonalt samarbeid samanlikna med dei andre norske universiteta, målt ved studentutveksling ([Tilstandsrapporten 2025](#), HKDIR), sampublisering (DBH), prosjektsamarbeid ([Indikatorrapporten 2025](#), NFR) og anna. I ei tid prega av ei rekkje globale utfordringar blir det særleg viktig å oppretthalde og utvikle eit breitt internasjonalt kunnskapssamarbeid. Samstundes gjev ein meir krevjande geopolitisk situasjon det nødvendig med sterkare medvit om risiko og plikta til å følge nasjonale retningslinjer i internasjonalt samarbeid.

I ei tid prega av globale utfordringar er det avgjerande å oppretthalde og vidareutvikle eit breitt internasjonalt kunnskapssamarbeid. Samstundes krev ein meir krevjande geopolitisk situasjon sterkare medvit om risiko og plikta til å følge nasjonale retningslinjer. UiB har i 2025 etablert eit eige AIS-team (ansvarleg internasjonalt samarbeid) for å støtte tilsette og sikre at samarbeid med internasjonale partnarar skjer på ein måte som er både open og trygg. Arbeidet omfattar vurdering av risiko, etiske og faglege dilemma, og ivaretaking av tryggleik og verdier – utan å gå på kompromiss med akademisk fridom. Bakgrunnen er føringar frå HK-dir, Kunnskapsdepartementet. Gjennom 2025 har AIS-teamet utvikla retningslinjer og rutinar for saksfeltet, mellom anna for sårbarheitssamtalar. Teamet har gitt rettleiing i konkrete saker og deltatt på ei rekkje møte med fagmiljø og administrasjon for å auke medvitet om risiko i internasjonalt samarbeid. I tillegg er det lansert eigne nettsider med ressursar og rettleiing [UiBs nettsider](#).

Samarbeid med land frå sør har lange tradisjonar ved UiB. To av universitetet sine SFF-ar har helse i det globale sør som hovudtema og har samarbeidspartnarar derfrå. UiB har òg det største talet på prosjekt i NORAD sitt NORHED II-program, til ein samla verdi på 290 millionar kroner i perioden 2021–2025.

UiB er eitt av to universitet som er seniorpartner i Arctic Frontiers, ein internasjonal konferanse om Arktis som er i Tromsø kvart år. I 2025 var UiB samorganisator av ei rekke sidearrangement under Arctic Frontiers, og hadde fleire talarar på programmet. I tillegg samarbeidde UiB med Arctic Frontiers om eit arrangement i Nuuk i juli, og deltok på deira arrangement under One Ocean Week Seattle. I desember var Arctic Frontiers i Bergen og samarbeidde med UiB om et arrangement i anledning utstillinga “Bergen - Grønland: glemte forbindelser”.

I oktober var UiB vertskap for ein tverrvitskapeleg, internasjonal konferanse, “The war and beyond: Perspectives on Ukrainian culture and society”. Konferansen som vart

organisert frå Det humanistiske fakultet og Det juridiske fakultet ved UiB, samla rundt 100 forskarar frå heile verda, mange av dei frå Ukraina. Dette er ein del av det arbeidet UiB bidreg til når det gjeld å fremje forskning og formidling om Ukraina i Norge, bidra til bygging av forskarnettverk og styrke forskingskontaktar mellom Norge og Ukraina gjennom engasjement i nettverket Ukrainett.

I 2024 inngjekk UiB saman med UiO, NTNU og UiT samarbeid med fire universitet i Nord-England (North Sea University Partnership, NSUP). Partnerskapet vert koordinert og leia av UiB og Durham University. Initiativet har fått støtte gjennom formelle uttalingar frå dei to statsministrane i landa. I 2025 har samarbeidet fokusert på Nordsjøen, der energi, grøn omstilling og marin forskning har blitt vektlagt. Det første større prosjektet i partnerskapet har vore ein konferanse i Brussel i november 2025, der tema var Nordsjøen som eit viktig område for samarbeid om forskning og innovasjon for energiomstilling.

Deltaking i den europeiske universitetsalliansen CHARM-EU vil kunne styrkje forskningssamarbeid med anerkjende universitet ytterlegare, og bidra til å utvikle strategiske bilaterale forskings- og utdanningssamarbeid, noko som vil stimulere til auka gjennomslag for midlar frå EU-programma. Alliansane har finansiering til utdanningsprosjekt, men det er likevel eit sterkt ønskje blant partnerane om at CHARM òg skal bidra til å utvikle eit meir langsiktig samarbeid om forskning og innovasjon.

EU

EU er ein viktig arena for utdannings-, forskings- og innovasjonssamarbeid for UiB, og det er eit mål i UiB sin strategi å bidra til å forme europeisk forskingspolitikk. I løpet av 2025 har det vore viktige diskusjonar i Europa om neste EUs rammeprogram for perioden 2028-2034, og Kommisjonen presenterte sitt forslag til neste program for forskning og innovasjon 16. juli. UiB har bidrege til diskusjonen på europeisk nivå, mellom anna med eit ope brev til Kommisjonen, ved å svare på EU-høyringar med relevans for forskingspolitikk og å bidra til policy-innspel frå nettverkorganisasjonar UiB deltek i.

UiB sitt Brussel-kontor er sentralt i UiB sitt policy-arbeid, og er samstundes eit viktig verkemiddel for profilering av UiB sine forskarar på den europeiske arenaen. Brussel-kontoret fasiliterer samlingar og møte retta mot politikk- og programpåverknad og har vorte ein viktig møteplass for arbeid med internasjonal kunnskapspolitik. I 2025 var det 10 år sidan kontoret opna, og jubileet vart feira i november

2. Auke gjennomslag i europeiske og nasjonale konkurransearenaer for eksternfinansiering i verkemidla for framragande forskning

For UiB er dei viktigaste konkurransearenaene for framifrå forskning ERC og Marie Skłodowska-Curie Actions (MSCA) i EU sin pilar for excellent research, Forskringsrådets prosjektfinansiering av forskarinitiert banebrytande forskning (FRIPRO) og utlysingar av Senter for framifrå forskning (SFF). I tillegg samarbeider UiB med Trond Mohn forskingsstifting (TMF) om TMF Starting Grant, ei ordning som gjer det mogleg for yngre forskarar å etablere eigne forskargrupper for å gjennomføre banebrytande forskning etter modell av ERC Starting Grant.

I 2025 har UiB auka talet på søknader til ERC, MSCA og SFF, medan talet på søknader til Forskringsrådet sine FRIPRO-utlysingar har gått noko ned. Talet på innvilga personlege stipend i MSCA er likt med 2024, medan talet på nye phd-nettverk i same ordning er redusert. Tre forskarar på UiB har fått melding om finansiering frå ERC, medan 13 har oppnådd midlar frå FRIPRO.

Horisont Europa

Verkemidla for banebrytande forskning (pilaren for excellent science) er UiB sine viktigaste arenaer for deltaking i Horisont Europa. To tredeler av finansierte prosjekt, og tre firedeler av inntektene til nye prosjekt, er knytt til ERC, MSCA og infrastruktur-programma. Her omtalast resultat innan ERC og MSCA, medan forskingsinfrastruktur er kommentert foran.

I 2025 har UiB har hatt den høgaste søknadaktiviteten til ERC nokonsinne. Auken skuldast særleg Starting Grants, med over 50 prosent fleire prosjektforslag enn i 2024. Det var ingen søknadsrunde for Consolidator Grants i 2024, og her har talet på søknader vore noko lågare enn gjennomsnittet for tidlegare utlysingar i rammeprogrammet.

Totalt har 22 forskarar ved UiB vunne ERC-prosjekt i Horisont Europa. I tillegg til koordinatorprosjekta er UiB deltakar i to prosjekt ved andre institusjonar, og to finansierte prosjekt er overført til andre institusjonar. UiB fekk ikkje finansiering for Starting grants i 2025.

Tabell 1 ERC søknader etter søknadsår og finansierte prosjekt etter årstal for offentleggjering av vedtak, der UiB er koordinator.

	Søknader					Finansierte prosjekt				
	2021	2022	2023	2024	2025	2021	2022	2023	2024	2025
ERC STG	14	24	8	19	29		4	1	1	
ERC CoG	8	17	22		11		2	4	3	1
ERC AdG	6	5	7	11	12				1	2
ERC SyG	1	3	2	5	3				1	
ERC POC	1	2		2	2		2			
Totalt	30	51	39	37	57		8	5	6	3

UiB etablerte i 2024 ERC Starting Grant Development Programme, med siktemål å betre kvalitet i søknadene. Eit stort tal på søkjarar i 2025 har bakgrunn frå Momentum-programmet, som også har kvalitet i prosjektutvikling som eit av sine hovudmål. I forskingsrådet sin statistikk (basert på søknader fram til 2023) er suksessraten til UiB på linje med UiO og NTNU. Det er særleg positivt at fleire erfarne forskarar no vinn Advaced grants.

Marie Skłodowska-Curie Actions (MSCA) er EU sitt mobilitetsprogram, delt inn i fire delprogram (actions): samfinansierte, tematiske prosjekt for rekrutteringsstillingar (COFUND), personlege postdoktorstipend (PF), forskarskuler/doktornettverk (DN) og personalutveksling (SE).

Søknad til MSCA har ei tydeleg auke i 2025 i høve til 2024, men ligg framleis under gjennomsnittet for førre rammeprogram. Talet på søknader vart klart redusert gjennom pandemien, men for PhD-nettverk er deltakinga i 2025 markert høgre enn ved inngangen til perioden.

Tabell 2 Søknader etter søknadsår og finansierte prosjekt etter årstal for offentliggjerings vedtak, MSCA. Finansierte prosjekt i 2021 er søkt under førre rammeprogram (H2020). Søknader frå 2025 vil bli evaluert i 2026.

	Søknader					Finansierte prosjekt				
	2021	2022	2023	2024	2025	2021	2022	2023	2024	2025
Postdoctor Fellowships (PF)	20	11	21	15	19	9	2	3	6	6
Doctoral Networks (DN)	7	11	17	15	22			2	6	2
Staff Exchange (SE)				1	5				1	1
Cofund		2	1			1		1		
Totalt	27	24	39	31	46	10	2	6	13	9

I 2025 fekk UiB tilsagn om færre doktornettverk enn i 2024, men talet på postdoktorstipend er stabilt. UiB sender færre søknader til ordningane enn dei andre BOTT-universiteta, men suksessraten i postdoktor-søknadane som vart vurdert i 2025 var særleg høg – over 40 prosent. Det er eit mål å halde kvalitet i søknadene på eit høgt nivå også framover.

Tabell 3 Kontraktsummer, nye prosjekt EU pilar 1, etter årstal for offentliggjerings vedtak, og totaltal for verdien av kontraktar signert i kalenderåret.

	2021	2022	2023	2024	2025
ERC	0	10 584	10 500	12 418	8 473
INFRA	2	2 619	986	598	0
MSCA	6 173	454	4 407	5 481	3 266
Totalt, publ. vedtak	6 175	13 657	15 892	18 497	11 739
Signerte kontraktar	6 173	11 448	16 603	11 579	18 162

Innan pilaren for banebrytande forskning er tilsegn om nye forskingsmidlar som er offentliggjort i kalenderåret, redusert frå 2024 til 2025. EU og Forskningsrådet målar

normalt utvikling ut frå årstal for kontraktsgjering, ikkje dato for offentleggjering av vedtak, som er nytta over. UiB har ei auke i verdien av nye signerte kontraktar frå 2024 til 2025, men ventar at denne kan bli redusert igjen i 2026.

Forskningsrådet

Forskningsrådet sine verkemiddel for framifrå forskning omfattar senterutlysingar som SFF og SFI, og store tverrfaglege forskarprosjekt og forskarprosjekt for banebrytande forskning (FRIPRO). Nær 30 prosent av UiB si finansiering frå Forskningsrådet kom frå FRIPRO-forskarprosjekt i 2024, medan sju prosent kom frå SFF og åtte prosent frå andre senter, i hovudsak SFI og forskingssenter for klinisk behandling. For 2025 forventast fordelinga å vere tilnærma lik.

Forskningsrådet sine utlysingar av frie forskingsmidlar

UiB har mobilisert sterkt til den sjette utlysinga av sentre for framifrå forskning (SFF). Fagmiljøa leverte 34 prosjektforslag, ni fleire enn i førre runde (2020). Dette er nest flest søknader nasjonalt. Arbeidet har vore eit fagleg løft for dei involverte, og kan gje resultat også for initiativ som ikkje når opp i finansieringa.

UiB leverte fem skisser til den femte utlysinga av sentre for forskingsdriven innovasjon, SFI, i 2024. Tre gjekk vidare til endeleg vurdering, og eit senter fekk melding om finansiering i desember 2025: Innovation Center for Neuroresilience (ICoN), leia av Charalampos Tzoulis. I tillegg er UiB partner i eit senter leia av NTNU.

Færre har delteke i FRIPRO-utlysingar i 2025, samanlikna med 2024. UiB sendte 72 søknader, og fekk finansiering på 13 prosjekt, ein nedgang i høve til 2024 både med omsyn til søknader og finansierte prosjekt (82 søknader og 14 prosjekt i 2024). Suksessrate i søknadane har gått ned frå 36 prosent i 2024 til 19 prosent for prosjekt som har vore evaluert i 2025. På den positive sida har innvilga beløp i FRIPRO auka med 15 millionar sidan 2024, grunna tilslag i utlysinga for toppforskar-midlar for å byggje verdsleiarande fagmiljø. Det er eit mål å auke deltaking og gjennomslag i FRIPRO-utlysingar i åra som kjem.

I tilknytting til FRIPRO har Forskningsrådet utlyst midlar for å rekruttere forskarar utanfor EØS-området. UiB har fått finansiering for fem slike stillingar i 2025.

Som oppfølging av fagevalueringane innan medisin, livsvitskap, naturvitskap, matematikk og teknologi har forskingsrådet utlyst midlar til forskarskuler og nettverkstiltak. UiB kom godt ut av desse konkurransane, og oppnådde mellom anna to av fire finansierte forskarskuler.

Oppsummering, styringsparameter 3

Tilslag på SFI veg særst positivt, og bidreg til at totale løyvingar til framragande forskning aukar frå 2024 til 2025. Høg søknadsaktivitet i SFF og ERC gjer forhåpningar om auka

gjennomslag i ordningane dei neste to åra. FRIPRO var den største utfordringa i 2025, og større søknadsaktivitet og gjennomslag i FRIPRO-utlysingar er prioritert.

3. Auke gjennomslag i tematiske og utfordringsdefinerte utlysingar

Horisont Europa

Global Challenges and European Industrial Competitiveness er EU sin pilar for tematisk og utfordringsdriven forskning (pilar II). Under gjeldande rammeprogram utgjer desse 31 prosent av UiB sine søknader. I 2025 vart det fremma 60 søknader til programma under pilar 2, det høgste talet nokon sinne og ei auke på nærare 50 prosent. Vedtak om finansiering er i hovudsak basert på søknader frå 2024, då det var ein viss nedgang i søkartal. Tre prosjekt har fått finansiering, ein nedgang frå 8 året før. Dette reflekterer delvis den lågare søknadsaktiviteten i 2024. Ved utgangen av 2025 var 48 søknader framleis under vurdering.

Det er framleis potensial for auka deltaking i tematiske utlysingar, men fleire fagmiljø peikar på dei administrative kostnadene som ei barriere. Deltaking i dei tematiske utlysingane er òg avhengig av at utlysingane er relevante for fagmiljøa, noko som vil variere over tid.

Tabell 4 Søknad etter søknadsår og finansierte prosjekt etter årstal for offentleggjering av vedtak, EU pilar 2 Global challenges. Tildelingar i 2021 er basert på søknader frå førre rammeprogram.

Klynger	Søknader					Finansierte prosjekt				
	2021	2022	2023	2024	2025	2021	2022	2023	2024	2025
Health	6	9	28	7	23	2	3	3	2	2
Culture, creativity and inclusive society	5	8	3	7	17		2	1	1	
Civil Security for Society	1		1	3	2		1			
Digital, Industry and Space	1	7	4	4	1		2		2	
Climate, Energy and Mobility	2	4	7	6	5		2	2	1	
Food, Bioeconomy Natural Resources, Agriculture and Environment	4	6	3	11	12		1	1	2	1
Totalt	19	34	46	39	60	2	11	7	8	3

Tematiske utlysingar i Forskningsrådet

Relevante søknadstypar frå Forskningsrådet er tematiske utlysingar av forskarprosjekt, forskningssenter og kompetanse- og samarbeidsprosjekt. På same måte som EU sin pilar II er dei tematiske utlysingane i stor grad prosjekt som blir gjennomførte i partnerskap med forskingsinstitusjonar og aktørar i næringsliv og offentlig sektor. Også her heng deltaking i stor grad saman med tema i utlysingane og dei totale midlane som blir lyste ut.

UiB har delteke i to av Forskringsrådet sine tematiske senterutlysingar med tildeling i 2025, og fekk tilslag på begge.

- *Senter for norsk som fagspråk* gjer nytte av språksamlingane som er konsentrert på UiB, og vil spele ei viktig rolle for kunnskapsbygging og utvikling av norsk kultur i åra som kjem
- *AI LEARN – Nasjonalt senter for kunnskap og læring* ved det psykologiske fakultet var eit av seks senter som vart finansiert under den nasjonale satsinga på kunstig intelligens. Senteret har 35 nasjonale og internasjonale partnerar frå akademia, næringsliv og offentleg sektor, og er den største enkeltløyvinga til UiB nokon sinne.

Søknad til tematiske utlysingar av forskarprosjekt ligg på om lag same nivå som i 2024, medan søknad til kompetanse- og samarbeidsprosjekt (KSP) har auka betydeleg, frå 11 i 2024 til 21 i 2025. Sju KSP fekk støtte i 2025 mot fire i 2024, medan åtte forskarprosjekt vart finansiert, eitt færre enn i 2024.

Konklusjon styringsparameter 3

Gjennomslag i senterordningar og samarbeidsprosjekt gjer at nye løyvingar frå forskingsrådet til tematiske utlysingar aukar betydeleg, frå kr 154 mill i 2024, til kr. 425 millionar i 2025. Dette gjer det mogeleg å gje viktige bidrag til å løyse samfunnsutfordringar og utvikle verdsløiande forskingsmiljø innan fagfelte, samstundes som samarbeid med partnerar i næringsliv og offentleg sektor blir styrka. Det er likevel ei utfordring at talet på forskardrivne prosjekt (forskarprosjekt og KSP) har blitt redusert over tid. Innan EU-finansiert forskning vil nedgangen i løyvingar i 2025 kunne balanserast med ny auke i 2026, grunna den sterke veksten i søknader som vil vurderast då. UiB har tradisjonelt hatt godt gjennomslag for slike søknader.

4. Utvikle arbeidet med rekruttering og god karriereutvikling for vitskapeleg tilsette

UiB har over tid utvikla ei rekkje tiltak retta mot kompetanseutvikling for forskarkarrierar blant tilsette, og i 2024 er det starta opp nye kurstilbod retta mot søkjarar til ERC Starting Grants, forskargruppeleiarar og prosjektleiarar.

ERC Starting Grant Development Programme tok opp sitt andre kull i 2025. Målet er å auke talet på ERC Starting Grant-søkjarar frå UiB, byggje kompetanse og styrkje konkurransedyktighet i søknader. 30 deltakarar deltok i årets kull, som gjekk frå januar til juni. I oktober sendte UiB inn 29 Starting Grant-søknader, ei auke på 53% fra året før.

Program for forskingsleiing vart gjennomført for andre gong hausten 2025. Programmet er eit breiddetilbod for alle med ansvar for forskingsgrupper eller forskingsprosjekt som ønskjer å utvikle si eiga rolle. Programmet bestod av samlingar strukturert rundt tema som rolle, leiing og organisasjon, forskingssystem og forskingskultur. 23 forskarar deltok i programmet.

TMF-UiB karriereprogram vart grunnlagt i 2019 og er inne i sin andre prosjektperiode (2023–2026). Karriereprogrammet blir finansiert av Trond Mohn forskingsstifting (TMF) for kandidatar ved UiB som har motteke TMF Starting Grant. Det overordna målet med karriereprogrammet er å hjelpe kandidatane med å byggje ei god forskarkarriere ved UiB gjennom å gi innsikt i forskingsgruppeleiing, strategisk organisering av aktivitetar, eksternfinansiering og andre viktige aspekt. Sidan 2007 har til saman 53 forskarar motteke slikt stipend, og 12 mottakarar følgde karriereprogrammet i 2025.

Momentum er UiB sitt karriereutviklingsprogram for yngre, framifrå forskarar som ønskjer ein akademisk karriere ved eit forskingsuniversitet. Programmet består av fem seminar spreidd over eitt år, samt eit stipend. I august 2025 starta det sjuande kullet i programmet, med 17 kandidatar frå sju fakultet.

Ein svært høg del (84 prosent) av kandidatane som har deltatt i Momentum-programmet, arbeider i dag i ei akademisk stilling ved UiB. Ei evaluering viste at programmet har hatt positiv effekt på deltakarane si karriereutvikling gjennom å utvikle ny kompetanse, setje av tid til å diskutere og planleggje vidare karrieresteg, og å bli betre kjent med det sentrale støtteapparatet ved UiB.

UiB Ferd karrieresenter for yngre forskarar utfyller UiB sin portefølje av tilbod innan karriereutvikling for vitskapleg tilsette. Tilbodet skal komplettere karriereprogramma som er retta mot utvalde kandidatar (som TMF- og Momentumprogrammet). UiB Ferd leverer kurs innan karrieremedvit og -kompetanse, akademisk og ikkje-akademisk CV-bygging, forskingsleiing og sjølvleiing. I tillegg tilbyr UiB Ferd karrieresamtalar og ein nettportal som samlar informasjon om relevante kurs og workshopar for målgruppa yngre forskarar.

UiB fekk EU-status som **HR Excellence in Research** i 2019. Dette syner at UiB jobbar systematisk for å etterleve *The European Charter for Researchers*, som er eit sett med prinsipp og krav som definerer roller, ansvar og rettar for forskarar, samt for arbeidsgivarar og finansieringsorganisasjonar. Det vert gjennomført resertifisering kvart tredje år. Ved utløpet av 2025 ventar UiB på tilbakemelding frå Kommisjonen om evaluatarar og dato for digitalt *site visit* i samband med resertifiseringa.

Ph.d-utdanning

Talet på disputasar for inneverande år er venta å ende på 218. Dette disputastalet er blant dei lågare dei siste år. Truleg heng talet saman med låge opptakstal i 2020 og 2021, sidan svært mange kandidatar bruker fire til fem år frå oppstart til innlevering av

avhandlinga si. Førebelse tal tyder på at det er blitt tilsett færre stipendiatar i 2025 enn i føregåande år.

UiB er i gang med å rulle ut eit opplegg knytt til stipendiatane sine karriereplanar, i tråd med UH-forskrifta sine føresegner om vilkår for rekrutteringsstillingar. Planane heng godt saman med tilbodet som UiB elles har for karriereutvikling og -rettleiing gjennom UiB Ferd – karrieresenter for yngre forskarar.

Litt over 40 prosent av ph.d.-kandidatane ved UiB har utanlandsk statsborgarskap. Sjølv om ein del forlèt landet etter enda utdanning, held dei fram med å vere sentrale i vidareutviklinga av universitetets internasjonale nettverk og samarbeid. Dei som blir verande styrkjer academia, næringsliv og forvaltning. Skal Noreg lukkast med å betre konkurransekrafta, er næringslivet avhengig av å styrkje forskingskompetansen. Då er internasjonal rekruttering til stipendiatstillingane viktig for å tiltrekkje seg spesialiserte kandidatar.

5. Auka vektlegging av forskningsetikk og redelighet i breidda av UiB sin verksemd

Forskingsetikk er eit grunnleggjande premiss for all forskning ved UiB, og dei nasjonale forskingsetiske retningslinene er ei kodifisering av anerkjende verdiar, normer og praksisar som spring ut av forskarfellesskapet. Forskingsmetodar er òg under stadig utvikling, rammevilkår endrar seg og skaper nye etiske utfordringar. Det er difor nødvendig med ei vedvarande merksemd om forskningsetikk i forskarfellesskapa.

Universitetsstyret endra i 2025 (sak 72/25) mandat og organisering av Det sentrale redelighetsutvalget (RU). Utvalet skal ha kompetanse innan forskningsetikk og jus og består av fire medlemmar, leia av ein fagleg uavhengig person med professorkompetanse. Utvalet skal handsame saker om moglege brot på anerkjende forskingsetiske normer og saker om vitskapeleg redelighet.

Universitetsstyret har i tillegg vedteke at det skal opprettast faste, lokale redelighetutval. Slike utval er etablerte ved alle fakulteta og Universitetsmuseet. Utvala har ansvar for å sikre at sakene er godt opplyste, gjennom intervju og samtale med involverte, innhenting av dokumentasjon og sakkunnig vurdering. Alvorlege saker skal vurderast av det sentrale redelighetutvalet.

Forskingsetikk blir aktualisert mellom anna gjennom opplæring og måtar å melde frå om mistanke om uredelighet. UiB arrangerer òg ein årleg Forskingsetisk dag. Arrangementet i 2025 tok opp problemstillingar kring kunstig intelligens. Det samla over 150 deltakarar, og evalueringa i etterkant viste svært gode tilbakemeldingar.

I 2025 har universitetsstyret vedteke å flytte ansvar for førebyggjande forskingsetisk arbeid frå RU til Universitetets forskingsutval. Dei to utvala samarbeider om organisering av forskingsetisk dag.

Mål 3. Vere ein aktiv deltakar i ei demokratisk samfunnsutvikling gjennom forskingsformidling og kunnskapsoverføring i heile samfunnet

11. Delta i samarbeid for forskingsbasert innovasjon nasjonalt og internasjonalt

UiB har sterke tradisjonar for å setje kunnskap i bruk gjennom nye teknologiske løysingar, tenesteinnovasjon og sosial innovasjon, og dermed overføre kunnskap og nye bruksområde av forskning til samfunnet. UiBs sentrale plass i kunnskapsbyen Bergen, dei mange kunnskapsklyngene og sentra for forskingsdriven innovasjon (SFI), gjer universitetet til ein unik pådrivar for samarbeid mellom nærings-, kultur- og samfunnsliv, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt. UiB har ein tydeleg ambisjon om å etablere fleire SFI og å delta i europeiske og nasjonale konkurransearenaer for innovasjon som støttar opp om UiBs profil. Både SFI og kunnskapsklyngene blir i stor grad finansierte gjennom eksterne midlar, og blir etablerte på område der UiB allereie har høg internasjonal fagleg kvalitet. UiB deltek i tillegg i ei rekkje næringsklynger og katapult-prosjekt.

Studentane utgjer ei viktig kraft i innovasjonsarbeidet, og universitetet legg stor vekt på å skape ein kultur for innovasjon og entreprenørskap hos studentar og tilsette, både i utdanning, forskning og formidling. Med midlar frå Agenda Vestlandet, ei stifting oppretta av Sparebanken Norge, er det etablert eit treårig studententreprenørskapsprogram – TILT student – for UiB, HVL og NHH. Satsinga koordinerast av VIS-Vestlandets innovasjonsselskap. UiB får seks millionar frå stiftinga, fordelt over tre år. Midlane skal ved UiB blant annet nyttast til å vidareutvikle UiB idé og dele ut mikrostipend til studentar som søker STUD-ENT, gjennomføre målretta tiltak for internasjonale studentgründarar (på ph.d- og masternivå) og å vidareføre og utvide ordninga med innovasjonspilotar som mobiliserer og rettleier andre studentar.

Forskningsbaserte innovasjonsprosjekt

I desember 2025 vart UiB tildelt eitt nytt SFI senter, i tillegg er UiB partner i eit anna senter. Satsinga styrkar UiB sin posisjon ytterlegare som ein drivkraft i forskingsbasert innovasjon på Vestlandet.

UiB sitt prototyping og verifikasjonsprogram, UiB idé, finansierte i 2025 sju prosjekt fordelt på fire forskarprosjekt og tre studentprosjekt. UiB har no tildelt midlar over programmet i fem år, og oppfattar at det er etablert som eit viktig instrument for å styrke innovasjon ved UiB.

UiB har delteke med åtte søknader til EIC-programma i Horisont Europa i 2025, ei tydeleg auke frå tidlegare år. Seks av søknadene fekk avslag, men kan gje grunnlag for framtidige suksessfulle prosjektforslag. To av søknadene er framleis under handsaming ved utgangen av 2025.

I 2025 har UiB for andre år på rad arrangert ein innovasjonsfestival for å syne frem dei mange innovasjonane universitetet bidrar med til samfunnet. I tilknytning festivalen vart det laga ein utstilling som syner bidrag frå UiB til nyskaping i samfunnet, med døme frå alle fakultet.

Teknologi- og kunnskapsoverføring

UiB har organisert kommersialiseringsarbeidet sitt gjennom selskapet VIS – Vestlandets Innovasjonsselskap AS.

Forskningsrådet har to typar søknader for kommersialiseringsprosjekt: kvalifiseringssøknader og verifiseringssøknader. VIS har i 2025 ikkje levert verifiseringssøknader til Norges forskningsråd på vegne av UiB. Det er levert seks kvalifiseringssøknader. I tillegg står UiB sjølv som søker på eit kvalifiseringsprosjekt. Omfanget av søknadar til kvalifiserings- og verifiseringsprosjekt er redusert i høve til i 2024, frå til saman 16 i 2024 til 7 i 2025.

Omfanget av innvilga prosjekt har ikkje blitt redusert nemneverdig, og finansiering har auka. I 2024 fekk VIS innvilga åtte søknader om kvalifisering. I 2025 har VIS fått finansiering for fem kvalifiseringsprosjekt for UiB, og to verifiseringsprosjekt der søknadene vart levert i 2024. UiB fekk ikkje finansiering for verifiseringsprosjekt i 2024, og desse har høgare støttebeløp enn kvalifiseringsprosjekt. Kompetanse- og samarbeidsprosjekt (KSP) har ein klar innovasjonsdimensjon. Her har UiB auka talet på søknader betydeleg, frå 11 i 2024 til 22 i 2025. Sju prosjekt vart finansierte. KSP er vidare omtala under styringsparameter 3, tematiske utlysingar frå forskingsrådet.

I tillegg til kommersialiseringsprosjekt, har UiB delteke med fire søknader i Forskningsrådet sine utlysingar av innovasjonsprosjekt for offentlig sektor og kommunale helse- og omsorgstenester. 1 prosjekt vart finansierte.

I løpet av 2025 har VIS oppnådd sal av ni lisensar og eitt selskap.

Tabell 5 Nøkkeltal for aktivitet i VIS 2024/2025

	2024	2025
Idear	52	47
Patentsøknader	7	6
Lisensar	9	9
Solgte selskap	2	1

